

Saksframlegg

Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 17/7385-14

Statsbudsjettet- kap. 1429 post 71 - Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Kr. 70 000 av ubrukte tilskot frå 2014 som var løyvd til våningsshus (askeladden id: 127646-7) på Osmundnes vert omfordelt til å dekke antikvariske meirkostnadar ved istandsetjing av våningsshus (askeladden id: 127646-10).
2. Kr. 68 000 av det ubrukte tilskotet løyvd til våningsshus og naust på Osmundnes i 2014 vert trekt tilbake og vil bli fordelt til andre prosjekt i fylket.
3. Det vert gjeve kr. 50 000 i ekstra løyving til brannkjellaren på Kaupanger hovudgård. Tilskotet vert henta frå rentemidlar frå 2017.

Vedlegg:

Brev av 9. april 2018 frå Kristian Morken med søknad om dekking av meirkostnadar i samband med arbeid på våningsshus

Brev av 12. mars 2018 frå Nils Joachim Knagenhjelm med søknad om dekking av meirkostnadar – restaurering av tak - brannkjellaren

Andre relevante dokument i saka:

HK-sak 14/14

HK-sak 20/13

HK-sak 12/15

Brev av 9. april 2015 til med tildeling av tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Eigar av bruk 3 på Osmundnes fekk i 2014 tildelt tilskot til istandsetjing av naustet og eine våningshuset, HK-sak 14/14. Etter at dette arbeidet var ferdigstilt var det att til saman kr. 138 000 av det løyvde tilskotet som ikkje vart nytta. I møte/synfaring 15. november 2016 vart ulike istandsetjingstiltak i tunet drøfta og eigar vart informert om at tilskota kunne omfordelast til mellom anna det omsøkte tiltaket, men at dette måtte søkjast om. I søknad av 9. april 2018 søkjer eigar om å få omfordelt delar av dette tilskotet til å dekke kostnadane han har hatt i samband med at omsøkt våningsshus fekk nye botnstokkar i sør og aust. Dette arbeidet er gjennomført og utført i tråd med gitt dispensasjon frå vedtak om freding.

Eigar av Kaupanger hovedgård har søkt om å få dekke meirkostnadar knytt til legging av nytt tak på den freda brannkjellaren. Brannkjellaren har gjennomgått ei omfattande istandsetjing i

tidsrommet 2013 – 2018. Det har i denne sammenhengen blitt løyvd tilskot til istandsetjinga to gonger tidlegare i HK-sak 20/13 med ei løyving på kr 30 000 og HK-sak 12/15 der det vart løyvd kr 177 000. I samband med det siste tildelinga vart det mellom anna presisert i vilkåra for tilskot «Tilskotet skal dekke antikvariske kostnader ved tiltaket heilt eller delvis. Dei resterande kostnadane ved prosjektet skal dekkast av eigar». Taket vart ikkje rapportert ferdigstilt før i 2018. Eigar hadde forventa at kostandane ved takreparasjonen ville vere på kr. 40 000 men dei reelle kostnadane viste seg å vere kr. 145 945. På bakgrunn av dette søker eigar om ei tilleggsloyving på kr. 50 000. Dei samla kostnadane ved istandsetjinga av brannkjellaren er kr 367 412. Av dette er kr 207 000 blitt dekkta av tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71.

2. Vurderingar og konsekvensar

Våningshus på Osmundnes

Tiltaka som det var løyvd tilskot til på Osmundnes er ferdigstilte og fylkesdirektøren finn det difor hensiktsmessig å omfordele delar av midlane til det andre våningshuset på bruk 3 for å dekke antikvariske meirkostnader knytt til istandsetjinga som var gjort. Eigar søker om å få dekke kr. 77 382,50. Det er ikkje mogleg å fullfinansiere istandsetjingstiltak med tilskot frå post 72 og fylkesdirektøren tilrår difor at det vert løyvd kr. 70 000 til dette tiltaket. bakgrunnen for at fylkesdirektøren tilrår eit så høgt tilskot er at eigar har svært mange freda bygningar av høg alder, noko som fører til ei svært stor vedlikehaldsbelastning. Fylkesdirektøren vurderer det difor til at ein i dette tilfellet kan dekke ein så stor grad av kostnadane med tiltaket.

Tilskotet som eigar no søker om å få omfordelt delar av, vart løyvd i 2014, og skulle ha blitt bruk innan 2015. Då eigar ikkje har søkt om å få omfordelt resten av tilskotet til andre prosjekt i tunet føreslår fylkesdirektøren at den resterande summen kr. 68 000 vert trekt tilbake og omfordelt til andre prosjekt slik at midlane vert brukt. Dersom eigar av Osmundnes planlegg fleire istandsetjingsprosjekt kan han søkje om nye tilskot til dette i 2019.

Brannkjellaren på Kaupanger hovedgård

I samband med restaureringa av brannkjellaren på Kaupanger hovedgård har det blitt løyvd totalt kr 207 000 til dette arbeidet. I tildelingsbrevet av 9. april 2015 vart det presisert i vilkåra for tilskot at tilskotet skulle nyttast til meisling, pussing, kalking og reparasjon av tak. Eigar har mange freda bygningar av ulik alder og ei stor vedlikehaldsbelastning, og har i tillegg liten praktisk nytte av brannkjellaren. Då det har synt seg at kostnadsramma som låg til grunn for vilkåret om at det ikkje skal gjevast ytterlegare tilskot til dette prosjektet har endra seg, er det fylkesdirektøren si vurdering at eigar sin søknad om ekstra tilskot kan innvilgast.

Kvart år står midlar frå post 71 på konto hjå fylkeskommunen før dei vert betalt ut til dei tildelte prosjekta. Dette av di vi ikkje utbetalar tilskot før arbeidet er starta opp, og ein rest av tilskotet vert først betalt ut når tiltaket er ferdig og vi har motteke rapport og rekneskap. Dei midlane som står på vår konto genererer renteinntekter som igjen skal nyttast innanfor tilskotsordninga. For 2017 hadde fylkeskommunen kr. 99 166 i renteinntekter frå post 71. I HNK-sak 14/18 vart kr. 33 000 av rentemidlane tildelt våningshuset på Hovland og det står i dag att kr. 66 166. Fylkesdirektøren føreslår difor at kr. 50 000 av rentemidlane for 2017 vert nytta til ekstra tilskot til brannkjellaren på Kaupanger hovedgård.

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren syner til drøftingane ovanfor og rår hovudutvalet til å gjere vedtak i tråd med tilrådinga.